

Saksnr: 2019/118-1

Saksbehandlar: Lars Petter Klem, Torbjørn Hasund, Alette Hus Kråkenes, Eva Katrine Ritland Taule

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 03.12.2019 |
| Fylkestinget | | 17.12.2019 |

Mandat for regionalt planforum i Vestland fylkeskommune**Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek forslag til nytt mandat for fylkesrådmannen sin gjennomføring av regionalt planforum.
2. Fylkesutvalet har mynde til å utnemne fast politisk representant, og vara, som observatør til møta i regionalt planforum. For planforum vert følgjande valde;
fast:
vara:
3. Gjennomføringa av regionalt planforum neste år bør inngå i evalueringa av fylkessamanslåinga.

Samandrag

Fylkesrådmannen legg fram forslag til mandat for gjennomføring av regionalt planforum i Vestland fylke. Regionalt planforum er eit lovfesta organ med heimel i plan- og bygningslova der kommunar kan leggje fram planar som er under arbeid til drøfting framfor regionalt nivå og relevante statlege organ.

Utstrekninga av det nye fylket medfører at ein må vere fleksibel på korleis ein organiserer regionalt planforum i Vestland. Val av lokalitet og møteform må basere seg på kva som er mest føremålstenleg for kvar einskild sak. Gjennomføringa av regionalt planforum i Vestland bør inngå som del av evalueringa av fylkessamanslåinga.

Forslag til mandat inneheld også ei formalisering av politisk representasjon frå kommunane og fylkeskommunen, samt deltaking frå tredjepartar som interesseorganisasjonar for ålmenne interesser.

Rune Haugsdal
prosjektlederPaal Fosdal
påtroppande fylkesdirektør for
strategisk utvikling og digitalisering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Vedlegg

1 Godkjenningsslogg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regionalt planforum er eit lovfesta organ der kommunar kan leggje fram planar som er under arbeid til drøfting framfor regionalt nivå og relevante statlege organ. Både Hordaland og Sogn og Fjordane har aktive og fungerande planforum i dag. Med samanslåinga av fylka er det behov for å utarbeide eit nytt mandat for regionalt planforum i Vestland fylke.

Etterspørselen etter drøftingstid er stor, og kommunar kjem gjerne attende med nye planar. Det er også vanleg at planar vert diskutert i både oppstartsfasen og i forslagsfasen. Dette tolkar vi som at det har vore nyttig med møta i planforum. I Riksrevisjonen sin rapport om motsegn i plansaker (2019)¹ vert planforum løfta fram som eit viktig verktøy for å redusere bruk av motsegn.

Praksis for gjennomføringa av planforum har vore noko ulik i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette gjeld til dømes bruk av videomøte og politisk deltaking.

I forslag til mandat er det lagt vekt på at forumet skal fremja fylkeskommunen som samfunnsutviklar, og leggje til rette for effektive planprosessar gjennom å klarleggje og samordne ulike planinteresser.

Lovgrunnlag

Regionalt planforum er heimla i Plan- og bygningsloven i § 5-3 om medverknad:

«I hver region skal det være et regionalt planforum. I planforumet skal statlige, regionale og kommunale interesser klarlegges og søkes samordnet i forbindelse med arbeidet med regionale og kommunale planer.

Regional planmyndighet oppretter regionalt planforum. Statlige og regionale organer og kommuner som er berørt av den aktuelle sak, skal delta. Andre representanter for berørte interesser kan inviteres til å delta i planforumets møter.

Regional planmyndighet har ansvar for planforumets ledelse og sekretariat»

Hovudføremålet med forumet er å klarleggje og søkje samordning av ulike interesser. Det går fram av førebuingane til lova at organet likevel ikkje skal ta avgjerder eller fungera som ein meklingsarena i saker med motsegn.

Vedtakskompetanse

Det er regionalt planmynde, altså fylkestinget, som har ansvar for planforum. Når fylka skal slå seg saman er det behov for å utarbeide eit felles mandat i nye Vestland. Forslag til mandat har vore drøfta mellom administrasjonane i fylka. Fylkesrådmannen legg no fram eit forslag til mandat for slutthandsaming i fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Gjennomføring og organisering av planforum vert styrt av fylkeskommunen, med eige prosentvis stilling avsett til å koordinere oppdraget.

Klima: Planforum vil bidra til å løfte klimaspørsmål i plansakene som vert diskutert i forumet.

¹ Riksrevisjonen (2019): *Undersøkelse av behandling av innsigelser i plansaker*, dok 3:7 (2018-2019)

Folkehelse: Planforum vil bidra til å løfte folkehelse spørsmål i plansakene som vert løfta i forumet.

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Forslag til mandat

Forslag til mandat for regionalt planforum i Vestland:

1. Føremål

Regionalt planforum er heimla i Plan- og bygningslova § 5-3. I regionalt planforum kan kommunar, fylkeskommunen og stat leggje fram planar etter Plan- og bygningsloven til drøfting for eit samla regionalt nivå. Planar som vert lagt fram bør ha sektorovergripande karakter. Planforum kan i tillegg ta opp planrelevante spørsmål som det sjølv finn tenleg. Planforum skal ikkje ta avgjerd eller mekle i plansaker.

Regionalt planforum skal bidra til:

- Å klarleggje og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med statlege, regionale og kommunale planar.
- Å leggje til rette for gjensidig informasjon, drøfting og samstemt praksis.
- Å fremja meir føreseieleg og effektivt planarbeid
- Å fremja heilskapleg planlegging som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling

2. Hovudsaksområde

Regionalt planforum skal leggje til rette for drøfting av planar som er under utarbeiding. Helst bør dette skje to gonger, før planprogram og før planforslag vert sendt på formell høyring. Primært gjeld dette:

Kommunale planar:

Utkast til planstrategi

Utkast til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Utkast til kommuneplan- eller kommunedelplan – arealdelen og samfunnsdel

Utkast til reguleringsplanar med sektorovergripande konsekvensar for regionalt nivå

Regionale planar:

Utkast til regional planstrategi

Utkast til planprogram for regionale planar

Utkast til regionale planar

Statlege planar

Utkast til planprogram for statlege planar

Utkast til statlege planar

Dersom det av kapasitetsmessige omsyn må prioriterast, bør utkast til kommuneplanen ha forrang.

3. Medlemer og deltaking

I møta deltek aktuell kommune/kommunar og regionale mynde som den aktuelle saka vedkjem. Dei regionale etatane som har motsegnrett, slik det kjem fram av retningslinene for motsegn i plansaker (Rundskriv H-2/14), har også møterett. Invitasjon til å delta vert sendt til regionale organ med motsegnrett, som så vurderer saka opp mot deira interesser. Etatane avgjer sjølv kven som deltek på vegne av organisasjonen.

Det er ønska politisk representasjon frå kommune og fylkeskommune. Politisk deltakar frå fylkeskommunen vil ha rolle som observatør. Mandatet inneber at fylkesutvalet, som planmynde, bestemmer seg for fast representant, med vara, til møta.

Invitasjon vil og bli sendt til interesseorganisasjonar som varetek ålmenne interesser (t.d. friluftsliv, naturmangfald) og er aktuelle for plansaker. Dei vil ha rolle som observatørar.

4. Sekretariat og leining

Fylkesrådmannen organiserer sekretariat, leining og praktisk gjennomføring av arbeidet i regionalt planforum.

Fylkesrådmannen sine kommentarar til mandatet

Kommentar til 1 – føremål

Føremålet samsvarar med lovgivinga om regionalt planforum i plan- og bygningsloven av 2008. Det er understreka at regionalt planforum ikkje skal vera avgjerds- eller meklingsorgan. Eit viktig moment er at planforumet bør fungera slik at det fremjar effektivitet og førebyggjer konflikhtar i planarbeidet. Det har ein viktig funksjon som del av eit førebuingarbeid fram mot handsaming i politiske organ. Det vert difor skrive referat frå møta.

Kommentar til 2 – hovudsaksområde

Hovudsaksområdet er knytt til kommunal- og regional planlegging. Samansetjinga av organet gjer at det også kan vera eigna til andre større tverrsektorielle oppgåver. Slik mandatet no er formulert er det fleksibelt nok til å utvide oppgåvene etter behov.

Kommentar til 3 - medlemer og deltaking

Regionale organ har ulik relevans og aktivitet i forhold til kommunal- og regional planlegging. Generelt er planlegging tillagt aukande vekt, og stadig fleire legg omfattande ressursar ned i samspelet i planarbeidet.

Kommunen som tingar møtetid i regionalt planforum skal leggje ved eit saksskjema som gir oversikt over plansaka og dei utfordringane ein ønskjer å løfte. Her kan dei også presisere kva regionale etatar dei spesielt ønskjer skal stille.

Invitasjonen går til offentlege organ, men kommunar står fritt slik mandatet er formulert til å ta med seg til dømes konsulent eller utbyggjar. Fylkeskommunen vil på tilsvarande måte kunne la seg representera ulikt avhengig av kva saka gjeld.

Vi ønskjer å opne for at interesseorganisasjonar kan delta som observatørar ved møta. Dette inneber at ein ikkje har rett til å få tale i møta. Møteleiar vil likevel kunne opne opp for at observatørar får tale der møteleiar vurderer det som føremålstenleg.

Politisk deltaking

Både Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt politisk representasjon frå kommunane ved møta, mens ein i Hordaland også har hatt fylkespolitikar med som observatør. Vi vurderer at dette har gitt regionalt planforum ein meirverdi gjennom den politiske kontakten, og vi tilrår at dette vert vidareført i forslag til nytt mandat.

Fylkesrådmannen foreslår difor at fylkesutvalet, som planmynde, utnemner fast representant og vararepresentant til møta i regionalt planforum. Føremålet med deltaking frå fylkespolitikarar skal vere å få innsikt i aktuelt planarbeid. Fylkespolitikarane stiller som observatør.

Deltaking frå interesseorganisasjonar

Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har det vore ønskje frå t.d. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) å kunne delta i regionalt planforum. Noverande praksis har vore at kommunane som tingar møte i planforum må godkjenne at tredjepart får delta, men dette har ikkje vore formalisert i mandatet.

I arbeidet med forslag til nytt mandat har administrasjonen difor rådført seg med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for kva praksis ein skal leggje seg på. Dei syner til kva som har kome fram i tidlegare handsaming:

«Flere høringsinstanser har uttalt et ønske om at det presiseres i lovteksten hvem som kan delta på regionalt planforum utover myndighetene. Departementet mener en statlig detaljstyring av hvem som skal delta i møtene ikke er ønskelig, og at det er naturlig at regional planmyndighet i samråd med kommunen og andre myndigheter vurderer hvilke berørte interesser som bør delta i hver enkelt sak. Departementet vil imidlertid vurdere behovet for utarbeidelse av veiledning knyttet til bestemmelsen om regionalt planforum (St.prp. 110 L (2016-2017))»

KMD poengterer vidare at:

«Kommunen skal påse at det legges til rette for medvirkning i planprosessene, jf pbl § 5-1. Spørsmålet er om det er ønskelig/hensiktsmessig å åpne for bred deltagelse på planforum i tillegg. Dere bør diskutere spørsmålet med kommunene og andre berørte myndigheter. Hvis dere ønsker å si nei, kan dere det.»

Av dette foreslår arbeidsgruppa for mandatet at ålmenne relevante interesseorganisasjonar som utgangspunkt skal få innkalling og ha høve til å delta i regionalt planforum. Vi vurderer dette til å ha ein positiv verdi for saksopplysning i aktuelle saker, og bidra til ein meir opplyst plandebatt. Av svaret frå KMD vil vi likevel la kommunane ha høve til å ikkje godta at tredjepartar deltek. Kommunane må i så fall gi beskjed om dette.

Kommentar til 4 – sekretariat og leiing

Fylkeskommunen har i fylgje lova ansvar for regionalt planforum og ber kostnadane ved dette. Leiing og administrasjon er vidareført til administrasjonen som utviklar rutinar i samspel med regionale organ og kommunane.

Nye Vestland fylke medfører at organiseringa av regionalt planforum må opne for å vere meir fleksibel med tanke på lokalisering og gjennomføring. Val av lokalitet og møteform (videokonferanse, fysisk møte, synfaring hos kommune) må vurderast opp mot kva som er mest føremålstenleg og praktisk mogleg i kvar einskild sak.

Gjennomføringa av regionalt planforum neste år bør inngå i evalueringa av fylkessamanslåinga.

Årssamling

Hordaland fylkeskommune har hatt tradisjon for å invitere til årssamling for regionalt planforum. Dette er ein møteplass kor ein inviterer regionale og statlege etatar til ei felles samling for å drøfte statistikk og planstatus i regionen. I 2019 inviterte ein for fyrste gong kommunane, ved plansjef, til årssamlinga.

Av desse erfaringane ønskjer ein å arrangere årssamling for regionalt planforum i nye Vestland fylke, og vil halde fram med å invitere kommunane.

Konklusjon

Regionalt planforum fungerer i dag i både Hordaland og Sogn og Fjordane som samrådsorgan i planprosessar. Det er ein strukturert møteplass der kommunar og fylkeskommunen kan leggje fram planar til drøfting for eit samla regionalt nivå. Føremålet er å bidra til betre samordning og informasjon, men planforum skal likevel ikkje ta avgjerder eller mekle.

Plan- og bygningsloven formaliserer regionalt planforum og legg ansvaret til regionalt planmynde som er fylkestinget. I tråd med samanslåinga er det behov for å utarbeide fylkesrådmannens mandat i Vestland fylke. Eit forslag til mandat med omtale av føremål, hovudsaksfelt og medlemmer/deltaking og sekretariat er no lagt fram med grunngjeving.

Hovudsaksområdet er knytt til kommune- og fylkesplanlegging på overordna nivå, men tema kan utvidast dersom det er tenleg og ikkje går på kostnad av planprosessar. Faste medlemmer er organisasjonar som vanlegvis er aktive i planarbeid i kommunar/fylkeskommunen, men andre kan inviterast etter behov. Organisasjonane, kommunar, fylkeskommunen og statlege regionale organ avgjer sjølv korleis dei vil vera representert.

Fylkesrådmannen har ansvar for å leggja til rette eit sekretariat, og for leiing og praktisk gjennomføring i samråd med medlemene.